



Lars Egil Tangen
Skårlandsveien 24
4337 Sandnes

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/9433 - 23/73814

Saksbehandlar:
Josep Gayrbekov
josep.gayrbekov@alver.kommune.no

Dato:
22.09.2023

Klagen avvises - gbnr 445/455 Manger nedre

Administrativt vedtak: **Saknr: 987/23**
Tiltak: Endring av løyve einebustad
Byggjestad: Gbnr: 445/455
Tiltakshavar: Lars Egil Tangen
Ansvarleg søkjar: Byggteam Vest As

VEDTAK:

Klage datert 09.08.2022 vert avvist med heimel i fvl. 33, då klagen ikkje gjeld eit enkeltvedtak, jf. fvl § 28 1.ledd.

Alver kommune viser til klage på gebyr for løyve til oppføring av påbygg, saksnr 622/22, sak 21/9433.

Klagar skriv at det har teke 30 veker å få byggjeløyve frå søknad ble sendt og at gebyret bør difor falle vekk.

Vurdering

For at vedtak om gebyr skal kunne påklagast må det dreie seg om enkeltvedtak i forvaltningslovas forstand.

Kommunen vis her til brev frå lovavdelinga i Justisdepartementet den 29.8.1989 kor det kjem det fram at der ei gebyr-forskrift er utforma slik at eit eintydig bestemt gebyr skal betalast, kan ilegging av gebyr ikkje sjåast på som eit enkeltvedtak. Vidare er det uttalt at det blir heller ikkje gjort ei individuell avgjerd sjølv om det finst differensierte gebyrsatsar så langt det ikkje er forbunde med rettsleg eller faktisk tvil å avgjera kva gebyr som skal leggjast til grunn i den einskilde sak, men kun snakk om kalkulasjon av faktiske kjennsgjeringar.

Vedtaket om gebyr er difor ikkje som eit enkeltvedtak å rekne, og det kan ikkje klagast på at det ble ilagt gebyr for tiltaket.

Kommunen mottok mangelfull søknad den 09.11.2021. Det ble sendt mangelbrev den 26.01.2022. Søknaden var ikkje komplett før kommunen mottok dispensasjonssøknad den 15.04.2022. Sakshandsamingstida er 12 veker, i tillegg til den tida saka er på høyring hos eksterne mynde, i dette tilfellet 4 veker. Endeleg sakshandsamingsfrist var 05.08.2022. Løyve ble gjeve den 09.06.2022 og var innanfor fristen.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klagerett

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) § 2 3.ledd. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Josep Gayrbekov
Rådgjevar

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Lars Egil Tangen

Skårlandsveien 4337
24

Sandnes